



Arkivnr: 2014/15084-3
Saksbehandlar: Stanley Hauge

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.04.2015
Fylkestinget		09.06.2015

Årsmelding 2014 Hordaland fylkeskommune

Samandrag

Årsmeldinga gjev oversyn over den fylkeskommunale aktiviteten og rekneskapen til Hordaland fylkeskommune for 2014.

Rekneskapen for 2014 kom ut i balanse. Sjølv om ein korrigerer for den rekneskapstekniske omlegginga av momskompensasjon, var det likevel ein markert nedgang i nettodriftsresultat frå 2,1 % til 0,7 %. Eit så lågt netto driftsresultat inneber at fylkeskommunen har avgrensa handlingsrom og lita evne til å tole svingingar i økonomien.

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek «Årsmelding 2014 Hordaland fylkeskommune» til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Årsmelding 2014

Fylkesrådmannen, 10.04.2015

Årsmeldinga for 2014 gjev eit samla økonomisk oversyn og nærare omtale av aktivitetar og økonomisk resultat for kvar sektor.

Driftsrekneskapen for 2014 vart gjort opp i balanse med brutto driftsutgifter på 7 351 mill. kr. Investeringane var rekordhøge – på i overkant av 3,7 mrd. kr. Lånegjelda auka med 891 mill. kr til vel 8,1 mrd. kr. Aukande utgifter til renter og avdrag tok storparten av inntektsveksten. Hordaland fylkeskommune sitt netto driftsresultat er det lågaste sidan 2009.

Netto driftsresultat for Hordaland fylkeskommune gjekk ned frå 526,5 mill. kr (6,6 %) i 2013 til 52,3 mill. kr (0,7 %) i 2014. Den viktigaste forklaringa på nedgangen er endra føring av momskompensasjon frå investeringar. I 2013 vart momskompensasjon frå investeringar bokført i driftsrekneskapen (367,1 mill. kr). Frå 2014 skal denne inntekstposten førast i investeringsrekneskapen.

Sjølv om ein korrigerer for denne rekneskapstekniske omlegginga, var det likevel ein markert nedgang i netto driftsresultat frå 2,1 % til 0,7 %. Eit netto driftsresultat på 0,7 % av inntektene inneber at fylkeskommunen har avgrensa handlingsrom og lita evne til å tole svingingar i økonomien.

Driftsutgiftene auka med 5,2 % frå 2013 til 2014, medan inntektene berre auka med 3,9%. Opplæring og samferdsel er dei to store sektorane med 41,8 % og 37,2 % av fylkeskommunen sine driftsutgifter.

Hordaland fylkeskommune sine investeringar i 2014 var på rekordhøge 3 717 mill. kr, over 600 mill. kr meir enn i 2013. Heile 3 043 mill. kr gjekk til investeringar innan samferdsel og 606 mill. kr til opplæringssektoren. Som følgje av høge investeringar har fylkeskommunen si lånegjeld auka kraftig gjennom mange år. Ved siste årsskifte hadde gjelda passert 8 mrd. kr.

Hordaland fylkeskommune kjøpte i 2014 varer og tenester for 7,2 milliardar kroner. Det vart gjort samla innkjøp for 3,73 milliardar kroner over driftsbudsjettet og 3,47 milliardar kroner over investeringsbudsjettet. Ein svært stor del av dei vel 11 mrd. kr fylkeskommunen brukte i 2014 gjekk til kjøp av varer og tenester.

I 2014 brukte fylkeskommunen for første gong over 3 mrd. kr til drifta i opplæringssektoren. Brutto driftsutgifter var på 3 076 mill. kr. I høve til budsjettet var det ei overskriding på 12 mill. kr. Fylkesutvalet vedtok i 2014 reglar som set ei øvre grense for kor store fond den einskilde skule kan setje av (5 % av netto driftsbudsjett). Rekneskapen viser at mange av skulane har brukt av fondsmidlar i 2014. Ved utgangen av 2014 utgjorde summen av skulefonda 56,7 mill. kr. I tillegg har ein samla «overskytande» midlar i eit fellesfond for opplæringssektoren. Dette fondet er på 28,8 mill. kr. 15 skular hadde underskot i 2014 på til saman 18,3 mill. kr.

Brutto driftsutgifter for samferdsel var på 2 734 mill. kr i 2014. I høve til budsjettet vart det ei overskriding på 50 mill. kr. Overskriddinga er eit resultat av både meirforbruk og mindreforbruk. Største delen av overskriddinga skuldast mindre inntekter frå kollektivtrafikken enn budsjettet. Ein fekk ikkje inntekt frå reklame i 2014 som var budsjettet til 10 mill. kr. På kostnadssida er det eit meirforbruk på 17 mill. kr til drift og vedlikehald av fylkesvegane. Den største posten her gjeld salting og asfaltering.

I 2014 var brutto driftsutgifter til kultur og idrett 374 mill. kr. Det er over 50 mill. kr meir enn i 2013. Vel 43 mill. kr av auken gjeld utbetaling av spelemidlar. Dei som får tilsegn om spelemidlar, har frist på to år til å gjere anlegget ferdig og levere revidert rekneskap. Eit prosjekt for å få tida frå tildeling til utbetaling ned i eitt år vert gjennomført i 2013-15. Den store auken i utbetalingar i 2014 viser at tiltaket har god effekt.

Her vil eg kort trekkja fram nokre moment i årsmeldinga:

- Fem viktige planar for regional utvikling vart vedtekne i 2014. Ytterlegare sju planar er under arbeid.

- Den første regionale kulturplanen for Hordaland vart vedteken.
- Tannhelsa til born og unge i Hordaland vert stadig betre.
- Kollektivtrafikken hadde på ny eitt år med solid vekst i passasjertala.
- Prosjektet «Førebudd på framtida» er starta for å identifisera forbetringstiltak på alle nivå i organisasjonen.
- Sjukefråværet var på 5,47 %, marginalt ned frå 2013.
- Talet på utførde årsverk og tal tilsette gjekk litt ned frå 2013.
- Fleire av fylkeskommunen sine internasjonale prosjekt vekte merksemd på departementsnivå.
- Miljørekneskapen for fylkeskommunen for 2014 viser ei rekkje positive resultat.

For andre resultat og omtale av viktige aktivitetar i Hordaland fylkeskommune viser ein til den fullstendige årsmeldinga som er vedlagt denne saka. Sjølve årsrekneskapen for 2014 vert lagt fram i eiga sak til fylkestinget i juni.

Årsmeldinga for 2014 er presentert i ei litt anna utforming enn tidlegare årsmeldingar. Ho er gjennomført i ei meir magasinmessig form der ein del informasjon er trekt ut i eigne småstykke og notisar. Litt fleire grafar og infografikk er også brukt.

Årsmeldinga for 2014 representerer også eit lite jubileum. Den første samla årsmeldinga for Hordaland fylkeskommune var årsmeldinga for 1990. Årets utgåve er den 25. i rekkja.

Vedlegg: Årsmelding for 2014